



Einar Holm  
Claus Frimanns Gate 10  
5011 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16398 - 20/67233

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
26.10.2020

## Mogleg miljøforureining frå gbnr 145/52 - Fosse indre

**Tiltak:** Forureining  
**Byggjestad:** Gbnr: 145/52 Fosse indre  
**Tiltakshavar:** Einar Holm

Alver kommune har den 28.09.2020 motteke melding om at det ved eit bustadområde i nærleiken av fritidsbustaden din, med adresse Skarsvegen 355, 5911 Alversund, er, av fleire forbipasserande, registrert sterk lukt av kloakk på nedsia av vegen. Lukta er observert nedanfor din bustad. I tillegg meldes det om kloakklekkasje i området. Terrenget der lekkasjen er observert, heller ned mot ein brønn som er i bruk og mot eit borehull. Når det er lekkasje frå septiktanken, renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Til orientering skal septiktankar knytta til ein fritidsbustad tømmeast kvart 4. år for at tilstanden i tanken skal vere tilfredsstillande.

### **Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 30.11.2020.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

Einar Holm

Claus Frimanns Gate 10

5011

BERGEN